



# Årsmøte 2018 Dale Idrettslag

Dato: 24. mars 2019 kl 19:00

Stad: Fjalerhallen

## Sakliste

1. Godkjenne dei som har stemmerett.
2. Godkjenne innkallinga, saklista og møtereglane.
3. Velje dirigent, referent, og to medlemar til å skrive under protokollen.
4. Handsame idrettslaget si årsmelding, inkludert eventuelle gruppeårsmeldingar.
5. Handsame idrettslaget sin rekneskap i revidert stand.
6. Handsame forslag og saker.

Det er kome inn 2 saker til årsmøte

- 6.1 Forslag til avsetting av midlar til Kaldhall
- 6.2 Forslag om namneendring på idrettslaget
7. Fastsetje medlemskontingent og treningsavgift
8. Vedta idrettslaget sitt budsjett.
9. Handsame idrettslaget si Klubbhandbok (organisasjonsplan)
10. Val

Dale 17.03.2019

Velkommen  
Styret i Dale IL



# Årsmøte 2018 Dale Idrettslag

## 1. Godkjenne dei som har stemmerett.

Vedtak:

---

## 2. Godkjenne innkallinga, saklista og møtereplane.

Annonsering av årsmøtet vart gjort kjend for medlemene 03.mars. Alle medlemmer og føresette fekk e-post, det vart annonsert på nettsida og facebook.

Sakliste med sakspapir er lagt ut på nett og sendt til gruppene for deling 1 veke før årsmøte. Dette er i tråd med vedtektene.

### **Styret si innstilling til vedtak:**

Årsmøte godkjenner innkalling, sakliste og møtereplanar

## 3. Velje dirigent, referent, og to medlemar til å skrive under protokollen.

Vedtak:

---

## 4. Handsame idrettslaget si årsmelding, inkludert eventuelle gruppeårsmeldingar.

Årsmelding er vedlagt innkallinga saklista

### **Styret si innstilling til vedtak:**

Årsmøte godkjenner årsmelding 2018 til Dale IL.

---

## 5. Handsame idrettslaget sin rekneskap i revidert stand.

Årsrapport er vedlagt innkallinga

### **Styret si innstilling til vedtak:**

Årsmøte godkjenner rekneskap for 2018

---

## 6. Handsame innkomne forslag og saker.

Det er kome inn 2 saker til årsmøte:

6.1 Forslag til avsetting av midlar til kaldhall, og vedtak om bygging av denne

6.2 Forslag om namneendring på idrettslaget

---



## Årsmøte 2018 Dale Idrettslag

### 6.1 Avsetting av midlar til kaldhall og vedtak om bygging av denne.

#### Styret si innstilling til vedtak:

- Dale IL går inn med kr 400 000,- i prosjektet. Midlane vert henta frå laget sine oppsparte midlar. Styret i Dale IL får mandat til å auke denne med inntil kr 100 000,- om det viser seg at dette er mogeleg ut frå den økonomiske situasjonen i laget.
- Dale IL vedtek å byggje kaldhall under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert.

#### Vedlegg i saka:

- Sluttrapport kaldhall, 09.01.2019

#### Bakgrunn

Dale IL har sidan 2016 arbeidd med eit forprosjekt til kaldhall ved Dingemoen Idrettspark. Planane vart orientert om i årsmøtet i Dale IL 2018, som gjorde slikt vedtak i anledning saka, med merknad om at ein stryk prioritert rekkefølge:

*Det blir sett ned ein bygge- og finansieringskomité. Komiteen skal avløyse hallnemnda, evt at hallnemnda fortset i plankomiteen, supplert med relevant kompetanse. I tillegg er årsmøtet klare på at Fjaler kommune må vere representert i plankomiteen og bidra administrativt i arbeidet vidare, samt stå som eigar og byggherre. Noverande nemnd får ansvar for å organisere arbeidet vidare. Komiteen får følgjande mandat for det vidare arbeidet, i prioritert rekkefølge:*

*1. Sikre forankring for planane i Fjaler kommune, samt endeleg avklare at kommunen tek på seg byggherreansvar for prosjektet.*

*2. Jobbe for finansiering.*

*3. Vurdere planane frå hallnemnda/sluttrapport inklusive kostnadsoverslag, eventuelt revurdere planane før anbod.*

*4. Utarbeide fullstendig grunnlag for anbod.*

*5. Avklare prosjektleiar med fagkompetanse innanfor styring og leiing av byggeprosjekt, i samråd med Fjaler kommune.*

*6. Sende ut på anbod.*

*7. Årsmøte Dale IL- finansieringsvedtak. Evt finansieringsbidrag frå Dale IL og endeleg finansieringsvedtak skal endeleg godkjennast av årsmøtet i Dale IL. Eventuelt e o årsmøte ved behov.*

*Komiteen, i samråd med styret i Dale IL, får fullmakt til å framforhandle avtale med Fjaler kommune som oppgjer for restanse i kjøpsavtale for Dingemoen, datert 2001, mellom Fjaler kommune og Dale Idrettslag. Avtale skal endeleg godkjennast av årsmøtet i Dale IL.*

*Komiteen skal jamleg orientere styret i Dale IL om framdrift og status.*

Nemnda har sidan årsmøte 2018 konstituert seg på nytt og jobba i tråd med mandatet ein fekk av årsmøtet. På bakgrunn av at Fjaler kommune etter kvart konkluderte med at dei ikkje ønskte å vere



## Årsmøte 2018 Dale Idrettslag

verken byggherre eller eigar av prosjektet, vart det naudsynt med eit e o årsmøte for etablering av eit aksjeselskap som kunne vere byggherre og eigar av anlegget.

E o årsmøte i Dale IL 10.10.2018 gjorde slikt vedtak.

### Sak 7 Etablering av aksjeselskap mv

Ekstraordinært årsmøte i Dale IL gjorde følgjande vedtak:

1. EOÅ i Dale IL vedtek å bygge kaldhall/fotballhall med atterhald om at prosjektet blir fullfinansert slik som føresatt.
2. EOÅ i Dale IL gjev med dette styret i Dale IL fullmakt til å stifte aksjeselskap (AS) Dingemoen Arena, 100% eigd av Dale IL, i tråd med vedtekter og stiftelsesdokument vedlagt innkallinga.
3. EOÅ i Dale IL gjev styret i Dale IL fullmakt til, på best mogleg vilkår, å inngå bindande avtale med Fjaler kommune knytt utkjøp av 7-ar bane i avtale av 9.11.2001. Oppgjeret i sin heilheit som Dale IL mottek frå kommunen, vert innskote som eigenkapital og eller lån i aksjeselskapselskap (jf pkt.2) som blir etablert som eigar og byggherre av ny fotballhall.
4. Styret i Dale IL får fullmakt til å inngå grunnavtale( leige/feste) med Fjaler Kommune for naudsynt areal for fotballhall. Avtale skal tiltransporterast aksjeselskapet når dette er skipa.
5. Styret i Dale IL får i fullmakt til å etablere avtale med Dingemoen idrettspark – driftsselskapet om kjøp av tenestar til drift.

I etterkant av e o årsmøtet vart Dingemoen Arena AS etablert. Selskapet er eit heileigd selskap av Dale IL og vedtekter for selskapet er godkjent av Kulturdepartementet.

Milepælar for prosjektet, knytt til spelemiddelsøknad:

1. Registrert i anleggsregisteret. OK.
2. Forankring kommunal plan. OK.
3. Forskottering av MVA/tippemidlar, samt diverse garantiar. OK
4. Idrettsfunksjonell godkjenning. OK.
5. Spelemiddelsøknad innsendt pr 15.01- ventar svar mars/april.

Fjaler kommune gjorde slik vedtak i kommunestyret den 10.12.2018.



## Årsmøte 2018 Dale Idrettslag

### KOM- 104/18 Vedtak:

1. Fjaler kommune (FK) vedtek å kjøpe aksjar for kr 4 000 000 i Dingemoen Arena AS. Løyvinga er basert på avtale mellom FK og Dale Idrettslag frå 2001 (ref.saksutgreiing). Løyvinga er innarbeidd i budsjett 2019. Kr 2 000 000 er for innfriing av avtalen frå 2001 og kr 2 000 000 er tilskot.
2. FK forskotterer inntil kr 4 800 000 i spelemidlar og inntil kroner 5 500 000 godkjent mva kompensasjon. Forskotet vert henta frå utviklingsfondet.
3. FK garanterer inntil kr 7 850 000 av ekstern finansiering i hallprosjektet. Ein legg til grunn at om ikkje ekstern finansiering lukkast, vert ikkje hallprosjektet gjennomført. Det skal signerast eigen avtale mellom FK og Dingemoen Arena AS om garantien. Garantien gjeld ut 2019.
4. Fjaler kommune gjev kommunal garanti som garanterer for tilbakebetaling av tildelte og utbetalte spelemidlar (inntil 4 800 000) ved tilskotsmottakar evt. mislighald. Garantien er ein sjølvskuldngaranti med ei garantitid på 20 år.

I etterkant av kommunestyrevedtaket har ein fjerna garderobeanlegget for å få ned kostnadane. Totalkostnaden er no nede i ca. 22 MNOK eks adm/dugnad og oppsummert har vi no manglande finansiering på om lag 4,5 MNOK + 2,15 MNOK frå Fjalerstiftinga.

Om det skulle oppstå ein situasjon der ein ikkje vil klare å oppnå restfinansiering gjennom Sparebankstiftinga Fjaler og private/sponsorar, kan det vere ein moglegheit for å lånefinansiere noko av restfinansieringa. Om dette skulle bli aktuelt/naudsynt vil ein måtte gjennomføre eit e o årsmøte då dette vil krevje ein grundig gjennomgang av laget sin økonomi, samt vurderingar knytt til evt. auke av treningsavgifter mv.

Finansieringsplan	Inkl mva.
Tippemidlar, hall+ lager 50kvm (forsk Fjaler Kommune)	kr. 4 300 000
MVA-refusjon (forskottering Fjaler kommune)	kr. 4 350 000
Privatpersonar/sponsorar (garanti Fjaler kommune)	kr. 4 100 000
Stiftingar 2018 (innvilga)	kr. 2 850 000
Stiftingar 2019-2021 (jf garanti Fjaler kommune)	kr. 2 150 000
Fjaler Kommune (utkjøp avtale Dingemoen, kostnad sjuarbane- innvilga)	kr. 4 000 000
Administrasjon/Dugnad	kr. 1 087 500
<b>Totalt</b>	<b>kr. 22 837 500</b>

Arbeid med å få på plass restfinansiering frå privatpersonar/næringsliv/stiftingar pågår. Det er m a igangsett ei kronerulling mot privatpersonar og lag- og organisasjonar, samt næringslivet. Responsen på kronerullinga har så langt vore god.

I tillegg til dette har Dale IL gått ei runde internt i laget for å sjå kva ein har av frie midlar å bidra med i prosjektet. Det er viktig for styret at ein først og fremst har økonomi til å drive aktivitetane, men basert på årsrekneskap for 2018 så føreslår ein å sette av kr 400 000,- til kaldhallprosjektet med eventuelt å auke denne med kr 100 000,- . Dette er avhengig av om ein oppnår å få inn uteståande fordringar. Styret i fotballgruppa har gjordt vedtak om at dei kan gå inn med kr 300 000,- ut frå økonomien i gruppa.



## Årsmøte 2018 Dale Idrettslag

Dei resterande kr 200 000,- blir føreslått tatt frå eigenkapitalen til laget utanom Dale IL fotball.

### 6.2 Forslag om namneendring på idrettslaget

Ved registrering av Dale IL i Brønnøysund 06.03.1996 vart laget registrert med ein skrivefeil. Formelt så heiter laget Dale Idrettslag.

Dette må det eit årsmøtevedtak på for å få retta opp.

#### Styret si innstilling til vedtak:

Årsmøte i Dale IL 2018 vedtek å endre namnet på laget til Dale Idrettslag.

### Sak 7. Fastsetje medlemskontingent og treningsavgift

Betalingssatsar Dale IL 2018		
Avgift	Alder	Sats
Treningsavgift pr. aktivitet. Ein betalar for maks 2 aktivitetar.	0-12	300
	13-19	500
	20+	800
Aktivitetsavgift, fotball	0-12	400
	13-19	600
	20 +	1000
	oldboys	500
	oldgirls	500
Aktivitetsavgift, handball	Alle aldrar	100
Aktivitetsavgift sykkel	Alle aldrar	250

Medlemskontingent Dale IL 2018		
Type medlem	Alder	Sats
Aktive medlemmer	0-16	100
Aktive medlemmer	17+	200
Støttemedlem		100





## Årsmøte 2018 Dale Idrettslag

Årsmøte skal vedta maks satsar for treningsavgift og kontingent. Styret ser at det er ein relativt stor andel som ikkje betalar avgift for trening og kontingent. Slik har det alltid vore og vi strekker oss langt for at alle skal få vere aktive i idretten ut frå eit folkehelseperspektiv. Likevel er det slik at Dale IL må prøve å drive i balanse. Årets resultat er negativt, men vi håper å klare å hente inn det som er uteståande for 2018. Uteståande for 2017 kan vi føre som tap. Ut frå dette føreslår vi å auke ramma for kva ein kan kreve i treningsavgift med kr 100 på kvar sats, men med det mål at ein ikkje gjer dette om det ikkje er nødvedig.


### Styret si innstilling til vedtak :

Dale IL held fast på gjeldande satsar for medlemskontingent.

Årsmøte gir styret i undergruppene mandat til å fastsette eiga aktivitetsavgift, men vedtek ei øvre grense for denne. Øvre ramme for trenings- og aktivitetsavgift til Dale IL kan aukast med kr 100,-, men ein ber om at dette ikkje blir gjort om det kan unngåast.

Årsmøte vedtek denne satsen som øvre grense for trenings- og aktivitetsavgift i Dale IL:

Maks grense trenings/aktivitetsavgift i Dale IL		
Alder	Hovudlag	Aktivitet
0-12	400	600
13-19	600	800
20+	900	1100



---

### 8. Vedta idrettslaget sitt budsjett.

Budsjettet er basert på inkomne tal frå dei to største gruppene i laget og laga utfrå det ein kjenner til av kostnader og inntekter i laget.

Budsjett vert gjort tilgengelig når det ligg føre.

### Styret si innstilling til vedtak:

Årsmøte godkjenner budsjett for 2019 slik det føreligge.

---



## Årsmøte 2018 Dale Idrettslag

### 9. Handsame idrettslaget sin organisasjonsplan/klubbhandbok.

Dale IL legg fram forslag til ny Klubbdagbok for Dale IL for årsmøte. Denne inneheld overordna mål og verdiar som heile laget skal forhalde seg til, anten ein er medlem, aktiv, trenar eller på anna vis er ein del av idretten i Dale IL.

Styret i Dale IL med gruppeleiarar har utarbeidd utkast til klubbhandbok som vart sendt ut til høyring 5. oktober med innspelsfrist 30. november. Dei som fekk denne tilsendt var gruppeleiarar, medlemmer og føresette som har registert e-post i Klubbadmin. Sogn og Fjordane Idrettskrins har også fått denne til uttale.

Høyringsutkastet vart også publisert på nettside og facebook.

Det er kome inn eit forslag til klubbhandboka via e-post frå Driftsselskapet:

*Har lest igjennom høyringsforslaget og der er masse bra der, men lurar på om der kanskje burde stå noe om Driftsselskapet der også. Noko som synleggjør for alle at driftsselskapet er styrt av idrettslaget (i samarbeid med Fjaler kommune).*

*Eg trur mange trur at vi er ein separat organisasjon, men det er vi jo ikkje.*

Alle andre grupper slutta seg til forslaget.

21. november hadde ein foreldremøte der klubbhandboka vart presentert og der ein kunne komme med innspel. Her vart det notert nokre innspel som er fletta inn i klubbhandboka.

Styret har hatt fokus på å få til eit kortfatta dokument som er mogeleg å etterleve i praksis. Det kan gjere at nokre planar og lovpålagde strukturar ikkje er utfyllande, men nemnde. Desse vil ein kunne få ved å ta kontakt med leiar i laget.

Vedlegg i saka:

Klubbhandbok for Dale IL

### **Styret si innstilling til vedtak:**

Årsmøte vedtek Klubbhandboka for Dale IL med verknad frå 24. mars 2019. Hovudstyret for mandat til å utarbeide handlingsplan for 2019 og vedta denne.

---

### 10. Val

Innstilling frå valnemdna vert send ut når denne føreligge.

Leiar og nestleiar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemene skal veljast samla. Deretter skal varamedlemene veljast samla, og ved skriftleg val vert rekkjefølgja avgjort i høve til stemmetala.



# Årsmøte 2018 Dale Idrettslag

